

Tilskot til inkludering og mangfald 2020.

Føremål med tilskotsordninga

Målet med tilskotsordninga er å stimulere til brei samfunnsdeltaking og å bygge ned hinder som stengjer for dette. Ordninga skal bidra til å motverke utanforskap, og stimulere til variasjon og mangfald i tilbod og aktivitetar. Gjennom ordninga skal vi også fremme kunnskap om og respekt for ulike kulturar, demokrati og menneskerettar.

Tilskotsordninga skal bidra til å bygge opp under fylkeskommunen sine mål og arbeid på området inkludering og mangfald.

Kven kan søkje?

Frivillige organisasjonar med demokratisk oppbygging og institusjonar som arbeider innan inkludering og mangfald på regionalt nivå, og som har heile eller store deler av Vestland fylke som sitt arbeidsområde, kan søkje om tilskot frå Vestland fylkeskommune til sitt arbeid.

Enkeltpersonar eller politiske organisasjonar kan ikkje søkje om tilskot frå ordninga.

Søknadsfrist

Søknadsfrist for tilskot i 2020 er 15.mars. Søknadsfristen for seinare år kan justerast.

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjer vedtak om fordeling av midlane.

Kva kan ein få støtte til?

Frivillige organisasjonar med demokratisk oppbygging og institusjonar kan få støtte til sitt arbeid innan inkludering og mangfald.

Kor mykje kan det søkjast om støtte til?

Det er ikkje sett avgrensing på søknadssum. Det fylkeskommunale tilskotet skal som hovudregel ikkje overstige 50% av kostnadane.

Kva vert det lagt vekt på ved vurdering av søknaden?

Søklar må vere fylkesdekkande, eller i det minste dekke store deler av fylket (regionalt nedslagsfelt). Det vert lagt vekt på at søklar skildrar og dokumenterer sin aktivitet innan inkludering og mangfald ved å vise til korleis dei arbeider for å:

- bygge ned stengslar for aktiv samfunnsdeltaking
- motiverer til aktiv samfunnsdeltaking og motverkar utanforskap
- stimulere til mangfald i tilbod og aktivitetar
- fremje kunnskap og respekt for ulike typar kulturar, demokrati og menneskerettar.

Fylkeskommunen legg FN sine berekraftsmål til grunn i sitt planarbeid. Berekraftsmåla skal bidra til ein balanse mellom økonomisk utvikling, sosial utvikling og naturmiljøet si toleevne. Tilskotsordninga skal vere med og hjelpe fram frivillig sektor sin innsats til ei berekraftig regional utvikling.

Vilkår for tilskot

Frivillige organisasjonar som mottok tilskot frå fylkeskommunen skal ha ein heilårleg aktivitet, og eit langsiktig perspektiv for sitt arbeid.

Sist godkjende årsmelding og rekneskap og vedteke arbeidsplan/budsjett for kommande år må følge søknaden.

Fylkeskommunen kan setje vilkår for bruken av tildelte midlar.

Tilskot frå denne ordninga vert ikkje gitt til organisasjonar/tiltak som naturleg høyrer heime under andre fylkeskommunale tilskotsordningar (t.d. ordningar innan idrett og friluftsliv, kunst, kultur).

Fylkeskommunen kan krevje attendebetalt tilskot som vert nytta i strid med gjevne vilkår.

Krav til søknaden

Det er utarbeidd eige elektronisk søknadsskjema som skal nyttast ved søknad til Vestland fylkeskommune. Søkjar må oppgi kontaktinformasjon som namn, adresse, telefonnummer og organisasjonsnummer. Søknaden må innehalde ei skildring av kva det vert søkt støtte til og meir utfyllande prosjekttale som vedlegg. Eventuelle samarbeidspartar må synleggjerast. Naudsynte vedlegg slik som arbeidsplan og budsjett må følgje søknaden, eller ettersendast dersom dei ikkje er klare på søknadstidspunktet (t.d. årsmelding og rekneskap).

Oppfølging og rapportering

Det skal rapporterast på bruken av det fylkeskommunale tilskotet gjennom godkjent årsmelding/rekneskap. Det kan setjast nærare frist for rapportering. Det må i alle høve vere rapportert før nye løyvingar vert gitt.

Klage

Det gjeld klagerett på vedtak i hovudutvalet etter reglane i Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova), kap VI §§ 28-36.

Ev klage skal sendast til Vestland fylkeskommune innan tre veker etter at søker har motteke melding om vedtak.